

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Øksendal.

Emne: Måltider og mat.

Bygdelag: Øksendal.

Oppskr. av: Anders E. Skrondal.

Gard: Skrondal.

(adresse): Øksendal.

G.nr. 9 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter avlidne Ole høvik f. 1857. d. 1947. *Bonde og Ukonner.*

SVAR

1. I eldre tider hadde dei desse måltider:
 1. Ferreåbit, kl. 6. Åbit kl. 8. Middag eller Durmål kl. 12. Non kl. 4. Nattvor kl. 8. (20.)

Det er mogeleg, at ferreåbiten om vintrane vart sløyfa. Har høyrte fortalt, at drengene skulle treska ut or ei "berje" med korn før dei fekk mat. (Åbit) Såvidt eg veit var det elles ikkje så stor skilnad med kosten om somaren eller vinteren. Men det vart bruka meir spekemat om somaren. No er det så ymist med målskikken. Sume har åbit kl. 7- så mat kl. 10- Middag kl. 14 og nattvor kl. 18. Andre : Åbit kl. 7 $\frac{1}{2}$ - Middag kl. 11 $\frac{1}{2}$ - Non kl. 16 og nattvor kl. 20. Det er vanleg med ein kopp kaffe når ein går ut etter middag ~~sk~~vila.
4. Det var-og er ikkje nokort ekstramåltid ved tresking o.l., men heller ekstra god mat.
5. Det er duren som ~~er~~ ^{var} hovudmåltidet både sumar og vinter.
6. Før var det varm rett både til åbit og non.
7. Det var ikkje nokon serskild rett til dei ymse dagar i veka, såvidt eg har høyrte- ~~men~~ sundagen var det vanleg ~~med~~ med kjøt til duren.
8. Det var ikkje annan skilnad enn det som er nemt under 1.
9. Sundagen var sermerkt med kjøt til durs. Elles var det skifta med skifta med lapskaus- grynsupe- Pässe- kjøt- leivingar- sillbal- spekesild- salta- luta eller fersk- fisk- spekeflesk og spekekjøt.
10. Flatbrød var bruka til alle saltmatmål.
11. Matsetel for ei veke om vinteren i eldre tid:

Sundag: ~~xxxxxxx~~ Åbit. Flatbrød-ost og smør.
 Dur. Kockt kjøt med kålrabistappe, Kjøtsuppe. ^x
 Non. Kaffe og brødskivor.
 Nattvor. Havregraut, gjerne med ~~s~~øruga.

Måltider 2.

Måndag.

Åbit Pässe. (Litt kjøtleivingar knokekraft-gryn, og mjøl koka saman til ein graut) X

Dur. Havregraut og sur mjølk.

Non. Sildgryn. X

Nattvor. Heit møsmørsupe og kaldgraut.

Tysdag.

Åbit. Sildgrynleivningar. X

Dur. Havregraut og surmjølk.

Non. Fisk og stoppe mjølkesupe. X

Nattvor. Heitgjord mjølk og kaldgraut.

Onsdag.

Åbit. Plukkfisk og mjølkesupe. X

Dur. Havregraut og surmjølk.

Non. Sillball. *Sillsuppe.* X

Nattvor. Heit mysmørsupe og kaldgraut.

Torsdag.

Åbit. Steikt sillball og mjølkesupe. X

Dur. Havregraut og surmjølk.

Non. Lapskaus, mysmørsupe. X

Nattvor. Heit myse og havregraut.

Fredag.

Åbit. Bettagraut. (Byggmjølsgraut som ein laga beta av og stakk i smelta kjøtfeitt) X

Dur. Havregraut og surmjølk.

Non. Grynsupe. (Betasuppe) X

~~Non.~~ Nattvor. Heit mjølk og kaldgraut.

Laurdag.

Åbit. Grynsupeleivingar. Mjølkesupe. X

Dur. Havregraut og surmjølk.

Non. Spekesild og mjølkesupe-eller mysmørsupe. X

Nattvor: ~~Kaldgraut og mysmørsupe.~~ Kaldgraut og mysmørsupe.

For sumaren var det omlag same slags mat, men då var det alltid føreåbit, som helst var ei brødskive eller potetkake attåt ein kopp kaffe. Og så var det bruka mykje skrogbrød, til åbit og non om somaren + spekemat. Men tul dur og nattvor var havregrauten suveren summat som vinter. Men når folket låg ute i utslåttane vart det bruka kaldgraut og surmjølk til dur, og koka graut til kveld. Som ein ser, så var bruken av steikt brød minimal. Det vart kjøpt eit kvarter rug til jul og male på gardskverna. Det var alt. Då fekk tenarane "julekake" og den var stor. Av denne kaka åt dei i romhelga, og spanderte på vener og kjenningar som kom i jula.

12. Matsetelen idag.

Åbit. Kaffe og smørebrød.

Midagx

Millommål. Kaffe og smørebrød.

Midag. Grynsupe- Lapskaus- Sillball. Spekesill. fersk-salta- eller luta fisk. Sildgryn.

Non. Kaffe og smørebrød. Kveldsmat. Graut og mjølk eller kaffe og smørebrød.

13. Ja, det er vel vanskeleg å sortera ut kva som er "nasjonarett" her i bygda. Eg trur eg vågar meg til å seia: sillball.

X Alle mat med med med stjerne hadde flakkeid.

X Skog og brød
e. Surmjølk
med kvadrata
flakkeid.
ditt og om
atlat

P
Mysse var og brukte til non. C: Brød lyttfiske + surmjølk flakkeid.
brød brøyt i varmt vater. Litt mysmør atlat.

Vindens:

Matskikk. 3.

14. Eg veit ikkje av noko slags mat som ikkje vert ete her ,mot andre stader.
15. Eg veit ikkje av nokor brigde i matsetelen etter krig,anna enn at det har vorte bruka tørka knypor til the og supe.

